



Mål for forvaltning av elg, hjort, rådyr og bever 2019 - 2023 og forskrift om opning av jakt på bever i Sirdal

LØPENR/SAKSNR: 12305/2019-2018/580	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 26.08.2019
---------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 19/91	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	MØTEDATO: 03.09.2019
----------------------	--	-------------------------

Bakgrunn

Forslag til mål for forvaltning av elg, hjort, rådyr og bever 2019 – 2023 og forskrift om opning av jakt på bever vart sendt på høyring etter vedtak i TLM den 11.6.2019.

På kvelden same dag, 11.6.2019, vart høyringsforslaget gjennomgått i eit samrådsmøte for elg- og hjortevalda i Sirdal kommune.

Forslaget er sendt ut til valda, nabokommunar, fylkesmann, fylkeskommune, Sirdal jeger og fiskerforening, Naturvernforbundet Vest-Agder og Forum for natur og friluftsliv Agder. Forslaget er også sendt ut på kommunen si viltinformasjons-e-postliste og lagt ut på kommunen si heimeside og facebookside.

For å muliggjera vedtak innan starten på beverjakta 1. oktober, vart høyringsfristen sett til 15.8.2019.

Høyringsinnspel

Det har ikkje kome innspel eller merknader til forslaget frå vald, enkeltpersonar, organisasjonar eller kommunar. Kommunen har fått eit høyringsinnspel frå Fylkesmannen i Agder.

Fylkesmannen skriv mellom anna:

«Kommunen kan ved forskrift opne for jakt og fangst på bever, i samsvar med vedtatt målsetjing. Sirdal kommune har valt å ikkje ta målsetjinga inn i forskriftsforslaget, og i staden vedta målsetjinga separat. Vedtak av forskrifta vil såleis vera avhengig av at kommunen fyrst vedtar målsetjinga.

Forskrift om forvaltning av bever opnar for at kommunen kan påleggje jeger og jaktrettshavar å gjeva opplysningar om felte dyr. For å sikre målsetjinga for bestandsutviklinga i kommunen, støttar Fylkesmannen at Sirdal kommune krev slik rapportering. Alle som betalar jegeravgift er pålagt å rapportere jakt- og fangstutbyte til Statistisk sentralbyrå. Offentleg statistikk for utbyte er bare tilgjengeleg i kommunar med fleire enn 25 felte individ av ein jaktbar art. For å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag for ei målretta forvaltning, bør kommunen difor krevja eige rapportering.

Når det gjeld utforming av forskrifta, bør denne ha ein føremålsparagraf innleiingsvis. Dersom Sirdal kommune legg opp til at jakttida for bever skal fylgje ordinær jakttid, tilrår Fylkesmannen vidare at kommunen endrar ordlyden i § 2 Jakt- og fangsttid, som no oppgjev

datointervall for jakta. Ved heller å vise til at jakttida følger den til ei kvar tid gjeldande jakttid som fastsett i forskrift om jakt og fangsttider, slepp kommunen å endre si lokale forskrift dersom den sentrale jaktidsramma skulle bli endra.»

Rådmannen sin vurdering

Rådmannen er kjent med at vedtak av målsettingar for bever er ein føresetnad for vedtak av forskrift om opning av jakt på bever. Under saksførebuinga vart det vurdert om det var hensiktsmessig å fremme to saker i same møte og ta saka om målsettingar opp til behandling først. Ein valde i staden å fremme målsettingar og forskrift i same sak.

Rådmannen har søkt på lovdata.no etter eksempel på ein passande føremålsparagraf, men ikkje funne noko. Eksempelforskrifta som er lagt ut på miljøkommune.no har heller ikkje føremålsparagraf. Rådmannen legg til grunn at det er tilstrekkelig at det er føremålsparagraf i dei to forskriftene som forskrift om opning av jakt er heimla i.

I samsvar med innspelet til Fylkesmannen, har rådmannen innarbeidd ei endring av ordlyden i § 2, slik at jakt og fangsttid på bever følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som fastsett i forskrift om jakt og fangsttider.

Heimelsbakgrunn

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

Forskrift om forvaltning av bever § 2. Mål for forvaltning av bever

«Kommunen skal vedta målsetting for utvikling av bestandene av bever i samsvar med formålet i § 1. Nabokommuner med felles vassdrag med bever bør samarbeide og koordinere sin forvaltning.»

Forskrift om forvaltning av bever § 3. Åpning av jakt og fangst av bever

Kommunen kan ved forskrift åpne for jakt og fangst av bever i hele eller deler av kommunen i en nærmere fastsatt periode, innenfor jakttid for arten fastsatt i forskrift om jakt og fangsttider vedtatt med hjemmel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt § 9.

Kommunen kan innenfor de områder som åpnes for jakt og fangst fastsette en kvote for uttaket.

Forskriften fastsettes i samsvar med vedtatt målsetting i § 2 og vilkårene for høsting i naturmangfoldloven § 16 tredje og fjerde ledd.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 5. Åpning av jakt på elg, hjort og rådyr

Kommunen fastsetter forskrift om åpning av jakt på elg, hjort og/eller rådyr i kommunen. Ved avgjørelse om åpning av jakt skal det legges vekt på artens bestandsutvikling i området og en samfunnsmessig helhetsvurdering i samsvar med § 1.

Forskrift om forvaltning av bever § 5. Rapportering

Kommunen kan pålegge jeger og jaktrettshaver å gi opplysninger om felte dyr, herunder innlevere hele eller deler av viltet til statistiske eller vitenskapelige formål.

Vurdering

I forslaget til målsettingar for perioden 2019 – 2023 har rådmannen valt å reindyrke målsettingar knytt til bestandsutviklinga for kvar art. Ein oppfatar dette å være i tråd med ordlyden i forskriftene.

Vest-Agder fylkeskommune har vedteke regionale mål for forvaltning av elg og hjort for perioden 2017-2020 (vedlegg 4). I forslaget til mål for Sirdal kommune har ein adoptert den regionale hovudmålsettinga og lagt rådyr og bever til i ordlyden.

Elg

Med bakgrunn i at det fortsatt er registrert moderat overbeite på rogn, osp og selje, har rådmannen foreslått eit mål om ein svak reduksjon i elgbestanden. Reduksjonen kan med fordel differensierast slik at hovudtyngda vert gjort i søre del av kommunen der beitepresset synest vera høgast. For å oppnå ein svak bestandsreduksjon er det sett mål om å auke fellingstala på elg frå 54 felt elg i 2018 til 60 elg eller meir i 2023.


Resultata frå den regionale beitetakseringa i 2017 (vedlegg 5) tydar på at beitetrykket på rogn, osp og selje no er i ferd med å komme ned på eit bærekraftig nivå i dei fleste kommunane i Vest-Agder. Unntaka er Sirdal, Hægebostad, Audnedal og Marnardal der det fortsatt er registrert moderat overbeite på rogn, osp og selje.

Rogn, osp og selje – ofte omtala som ROS-artane – er viktige treslag på vinterbeite til elgen grunna proteininnhaldet og fordøyelegheita til kvisten. Fordøyelegheita er den andelen av fôrinntaket som elgen kan gjera seg nytte av – resten går ut att som møkk.


Beitetrykket vert rekna som bærekraftig når mindre enn 35 % av dei beitbare fjorårsskota er etne opp i løpet av det siste året. Eit enkelt tre skal kunne tole at rundt 60 % av årsskota vert beita utan at det går ut over neste års produksjon av kvist. Men sidan beitetrykket ikkje er jamt fordelt på trea, bør det gjennomsnittlege kvistuttaket ikkje ligge høgare enn 35 – 40 %. Grensa for bærekraft vert – ut frå eit føre-var-prinsipp – oftast sett ved eit gjennomsnittleg kvistuttak på 35 %. Ved eit gjennomsnitt på 60 % reknar ein med at omlag halvparten av trea vert beita så hardt at dei etter kvart sluttar å vekse.

Elgbeite i Sirdal vart taksert for første gong våren 2013 (vedlegg 6). Dette var ei bestandsuavhengig takst der 14 større samanhengande skogsområde i Sirdal vart taksert. At den var «bestandsuavhengig» tydar at ein takserte beitet i skogsområder generelt og ikkje berre innanfor hogstbestand. Den regionale takseringa i 2017 var – der i mot – ei taksering av hogstbestand og vert difor omtalt som ei bestandstakst. Då det er skilnader i metodikken som vert brukt, er resultata frå dei to takseringane ikkje direkte samanliknbare.

I takseringa i 2013 vart det registrert eit gjennomsnittleg kvistuttak på heile 71 % for rogn, osp og selje (ROS). For furu, bjørk og einer var kvistuttaket høvesvis 35 %, 7 % og 9 %. Takseringa synte ein markant skilnad i høgde mellom ROS og dei andre registrerte treslaga (furu, bjørk og einer). Gjennomsnittshøgda på rogn, osp og selje (ROS), registrert innanfor elgen sitt beitesjikt, var 60 cm, medan den for furu, bjørk og einer var 130 – 140 cm. Figuren nedanfor syner høgdeskilnaden innanfor ulike takseringsområde i kommunen.



I den regionale takseringa i 2017 vart 24 hogstbestand taksert i Sirdal. Hogstbestandane med moderat overbeite på ROS er synt med gule sirkelar i kartet nedanfor. Dei grøne sirklane syner hogstbestand der ein fann at beittrykket ROS var på eit bærekraftig.




Overbeite kan redusere produksjonen til dei beste beitplantene med 80 – 90 %. Når ein har fått elgestanden tilstrekkelig ned og beitepresset kjem under tolegrensa til plantene, treng plantene tid til å hente seg inn att før ein på ny utsett dei for eit auka beitepress.

Den gode nyhenda i denne samanheng, er at det vart registrert overraskande store mengder rogn under takseringa i 2013. Dette tilseier at det er stort potensial for å auke produksjonen av kvalitetsfôr til elgen i Sirdal. I åra framover vert det viktig å få bestanden tilstrekkelig ned og stabilisere den medan ein ventar på at beitet skal ta seg opp.

I løpet av dei siste 25 åra har det skjedd ei gradvis endring i kjønnsamansetninga til elgbestanden i Sirdal. I 1993 vart det i gjennomsnitt sett ei ku per sett okse, medan det i 2018 vart sett omlag 1.6 ku per sett okse. Utviklinga, som er synleggjort i grafen nedanfor, skuldast at det vert skutt fleire hanndyr enn hodyr. I Sirdal har dette vore tilfellet så langt tilbake som fellingsstatistikken går – unntaket frå regelen er året 2004 då uttaket av hanndyr var på ca. 50 %. I perioden før år 2000, då det vart fødd fleire hannkalvar enn hokalvar og ein truleg også opplevde ein viss grad av bukkeinnvandring frå kommunane i sør, var det mogeleg å oppretthalda eit høgare uttak av hanndyr samstundes med at tendensen gjekk mot ei jamnare kjønnsamansetning. Men, dei siste 20 åra er det – både i Sirdal og Vest-Agder sett under eitt – fødd omlag like mange hannkalvar og hokalvar.

Kjønnsforhold i elgbestanden




Det må i tida framover skytast omtrent like mange hanndyr som hodyr om ein skal unngå at kjønnsamansetninga vert skeivare.

Eit skeivt kjønnsforhold kan mellom anna føre til høgare brunstaktivitet og vekttap hjå yngre oksar og forseinka kalving med påfølgjande reduksjon i gjennomsnittsvekt og fruktbarheit i dei yngste aldersklassane.

Rådmannen vil foreslå at ein set seg mål om å stabilisere kjønnsamansetninga på dagens nivå og oppretthalda denne under 2 kyr sett per okse. Dette kan ein få til ved å auke andelen kalv, kvige og ku under 160 kg i uttaket og redusere andelen oksar tilsvarande.

Storvalda i Sirdal har lang erfaring med denne typen bestandsplanlegging og er flinke til å selektere uttak av «små» dyr. Figuren nedanfor syner den prosentvise fordelinga ein har hatt dei siste fire åra i Sirdal, fordelt på kategoriane okse, ku over 160 kg og kalv, kvige og ku under 160 kg. Merk at årringsoksar her inngår i kategorien oksar og ikkje i same kategori som kalv, kvige og ku under 160 kg.

Om ein skal oppnå ei jamn avskyting mellom hann- og hodyr er ein avhengig av å redusere uttaket av oksar (inkludert årringar) frå 52 % til ein stad mellom 25% og 40 %, avhengig storleiken på kalveuttaket.




Rådmannen har, med omsyn til elgbestanden sin kondisjonen og produktivitet, foreslått ei målsetting om at uttaket av kyr over 160 kg skal vera så lite som mogeleg og uansett ikkje overstige 10 % av det samla jaktuttaket i kommunen. Denne målsettinga er ikkje til hinder for bruk av lågare vektgrenser i vald og bestandsplanområder som ønsker dette.

Hjort

Rådmannen meiner at ein bør vera føre-var og freiste å dempe veksten i hjortebestanden. Fellingstal, jegerobservasjonar og teljingar som er gjennomført med viltkamera, tydar på at hjortebestanden på Sørlandet er i rask vekst. I år 2000 vart det felt 44 hjort i Vest-Agder og 1 hjort i Sirdal; i 2018 vart det felt 502 i Vest-Agder og 40 i Sirdal. Figuren nedanfor syner utviklinga i fellingstala i Sirdal og Vest-Agder.

I 2018 vart det til saman felt 855 hjort i Aust- og Vest-Agder fylke. Til samanlikning vart det same år felt 12 345 hjort i Møre og Romsdal og 12 280 hjort i Sogn og Fjordane.


Sørlandet har klimatiske tilhøve, landskap og vegetasjon som er svært godt eigna for hjort. Ein har difor god grunn til å vente at den raske veksten i bestanden vil fortsette i åra framover.



Med bakgrunn i venta bestandsvekst, foreslår rådmannen at Sirdal kommune set seg mål om å doble fellingstala på hjort frå 40 felte hjort i 2018 til minst 80 felte hjort i 2023.

Gjennom Sørhjort prosjektet (2015-2019) har ein fått meir kunnskap om hjorten sine leveområder, arealbruk og sesongtrekk på Sørlandet. I prosjektet er det analysert data frå 31 GPS merka dyr. Ein kortrapport frå prosjektet er vedlagt (vedlegg 7).

I Vest-Agder var det dessverre berre ein fôringsstasjon der ein lykkast å merke dyr. Dette var på Heskestad i Farsund kommune, der 4 dyr vart merka. Det vart også merka dyr i Evje og Hornnes kommune, Bykle kommune og Valle kommune, men det var ingen av dei merka dyra var innom Sirdal kommune. Oversiktskartet nedanfor syner merkeplassane og dyreposisjonane som vart registrert i løpet av prosjektet.



84 % av dei merka dyra i prosjektet vart klassifisert som trekkande hjort med eit gjennomsnittleg sesongtrekk på nærare 3 mil. I gjennomsnitt var kvar hjort innom 5 ulike kommunar løpet av året. Resultata tilseier at eit samarbeid på tvers av kommune- og fylkesgrenser er nødvendig om ein ønsker å drive med reell bestandsmessig forvaltning av hjort.

Ansvar og verkty for å drive bestandsforvaltning er i hjorteviltforskrifta lagt til jaktrettshavarane. Fylkeskommunen og kommunane si oppgåve er å legge til rette og vegleie.

Den 22.5.2019 var det halde avslutningsseminar for Sørhjørnet-prosjektet på Rossfjord strandhotel i Lyngdal. I kjølvatnet av prosjektet, ser Vest-Agder fylkeskommune føre seg at ein vil ta initiativ til eit bestandsplan-prosjekt som, i første omgang, omfattar vald i Listerregionen som er interessert i samarbeid. Planen er å starte med å invitere hjortevalda i Lister til eit seminar saman med ressurspersonar frå Vestlandet som kan dele av sine erfaringar knytt til bestandsplanlegging for hjort.

Rådmannen foreslår at kommunen set seg mål om å vera ein aktiv pådrivar for ei kunnskapsbasert, bestandsmessig forvaltning av hjort på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Ein vonar at resultata frå Sørhjørnet-prosjektet kan supplerast med tidsanalysar av sett og skutt data og informasjon frå jegerar og viltkamera, slik at ein får eit klårare bilete av leveområda og sesongtrekket til hjorten i Sirdal.

I rapporten «*Framtidig forvaltning av norske hjortebestandar – utfordringar knytt til bestandstettleik og demografi*» (NINA Rapport 571, 2005) tek artikkelforfattarane til orde for ein overgang til hjortebestandar med ein kjønnsmessig likare bestandsstruktur og lågare bestandstettleik:

«Situasjonen er på ingen måte einsarta i alle område, men kanskje bør ein vurdere å gjere felles grep uansett. Det er på tide å motverke dei negative trendane relatert til bestandstettleik som har kome tydeleg til syne dei seinare åra. For dei områda som ikkje har kome til det nivået enno, kan det vere god grunn til å tenke førebyggjande. Det kan vere krevjande å snu ei negativ utvikling når den først har starta. Ein overgang til ei kjønnsmessig likare bestandsstruktur og lågare bestandstettleikar ville syte for fleire positive effektar: (i) Auka gjennomsnittsalder for hanndyra, (ii) bortfall av spekulasjonane omkring mulege negative konsekvensar av skeiv kjønnsstruktur og hanndyrvald, (iii) ein mindre produktiv og dermed enklare regulerbar bestand. Ein slik bestandsstruktur vil vere nærare ei naturleg samansetting og vil nok av mange bli oppfatta som meir attraktiv både jaktmessig og opplevingsmessig. Ein reduksjon av bestandstettleiken bør vurderast der bestandsmessige, økologiske eller samfunnsmessige forhold talar for dette.»

1,5 til 2 koller per bukk vert rekna som ei naturleg kjønnsamansetning blant hjort som er to år eller eldre. For å kunne oppnå eller oppretthalda ei naturleg, eller nært opp til naturleg, kjønnsamansetning, er det nødvendig å felle fleire hodyr enn hanndyr. Dette fordi hanndyra jamt over har ein høgare naturleg dødelegheit enn hodyra.


Rådmannen foreslår at ein set seg mål om å ha eit balansert jaktuttak med omsyn til fordeling på alderskategoriar og tilstrekkelig overvekt av hodyr i uttaket til å kunne oppnå og oppretthalda ei naturleg, eller nært opp til naturleg, kjønnsamansetning i bestanden. Dette vil kunne gjere det lettare å kontrollere hjortebestanden og oppnå målsettinga om å bidra til å bremse veksten.

Rådmannen har i forslaget lagt til grunn den regionale målsettinga om å halde gjennomsnittleg slaktevekt for 1,5-årig hjort over 50 kg.

Rådyr


Rådmannen foreslår at ein fortsetter å legge til rette for ei grunneigarstyrt rådyrforvaltning gjennom tildeling av kvotefri rådyrjakt. Det føreligg lite innsamla kunnskap om rådyrbestanden i Sirdal. Som synt i figuren nedanfor, har det vore relativt stor variasjon i fellingstala dei siste 8 åra.

Felt rådyr Sirdal



Storparten av viltpåkøyrslane i kommunen er rådyr. I løpet av perioden frå 2014 til 2018 er det registrert påkøyrslar av 3 elg, 2 hjort og 50 rådyr i fallviltregisteret. Kartet nedanfor syner den årlege fordelinga.

Viltpåkøyrslar i Sirdal 2011 - 2018



Då det per i dag ikkje føreligg rutinar for å fange opp viltpåkøyrslar som vert meldt til vegtrafikkssentralen, reknar ein med at det er ein del mørketal som ikkje vert registrert i fallviltregisteret. Dette gjeld særleg for rådyra, som ofte vert drepne momentant i møte med bilen.

Rådmannen tykkjer det er noko vanskelig å vurdere kva som er eit akseptabelt nivå av påkøyrslar på rådyr. I målsettingane for perioden 2014 -2019 vart talet på påkøyrslar sett i forhold til fellingstala. Denne målsettinga var truleg inspirert av ordlyden i dei regionale målsettingane. Rådmannen vurderer det som meir hensiktsmessig å ta utgangspunkt eit konkret tal, når ein vurderer mål for utviklinga av ein bestanden på kommune-nivå. Rådmannen legg til grunn at det på det jamne bør vera mindre enn 10 rådyr som vert påkøyrd og drepne i kommunen.


Med utgangspunkt i at det vart registrert meir enn 10 trafikkdrepane rådyr i både 2017 og 2018, vil rådmannen foreslå at kommunen oppmodar grunneigarar og vald til å auke avskytinga på rådyr noko med sikte på ein svak bestandsreduksjon i løpet av målperioden 2019 - 2023.

Bever

Det vart opna for beverjakt i Sirdal kommune ein gong på midten av 70-talet. Etter vel 40 år med beverjakt i kommunen vart det hausten 2017 brått stopp i jakta då kommunen, gjennom nye nasjonal forskrift om forvaltning av bever, vart pålagt å vedta målsettingar for forvaltninga og gjere nytt vedtak om opning av jakt i samsvar med dei vedtekne målsettingane.

Det var inga overgangsføresegn i forskrifta og administrasjonen hadde ikkje kapasitet til å følge dette opp på ei ordentlig måte. Rådmannen beklagar ulempene dette har medført for jegerane og vonar målsettingar og forskrift kan vedtakast innan starten på beverjakta den 1.10.2019.

Kartet nedanfor syner beveren si utbreiing i 2005 basert på data frå Norsk Zoologisk Foreining. Øvre Sirdal kan her sjå ut til å liggje i randområdet for arten si utbreiing.



I høve Vest-Agder fylkeskommune sitt «tipshefte til arbeid med forvaltningsmål for bever og utarbeidelse av forskrift for åpning for beverjakt» er beveren i Vest-Agder ferdig med den turbulente etableringsfasen og har stabilisert seg på eit nivå der bestanden svingar i takt med tilgangen på mat.

Forskrift om forvaltning av bever skal, i høve føremålsparagrafen, bidra til at forvaltninga av bever skjer i samsvar med naturmangfaldlova sitt forvaltningsmål for artar (§ 5):

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder.»

Beveren vert rekna som ein økologisk nøkkelart. Gjennom sin aktivitet skaper beveren habitatendringar som har positive effektar for andre artar. Utbreiinga og storleiken til beverbestandane kan difor også sjåast i nær samanheng med naturmangfaldlova sitt forvaltningsmål for naturtypar og økosystem (§ 4):

«Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det arts mangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.»


Med bakgrunn i forvaltningsmåla i naturmangfaldlova § 4 og § 5, har rådmannen foreslått ei målsetting om å halda jaktpresset på eit nivå som sikrar at beveren ikkje vert fortrenkt, eller står i fare for å verta fortrenkt, frå sine naturlege utbreiingsområde i kommunen.

Det er ikkje gjennomført ei kartlegging av beverbestanden i kommunen. Rådmannen anslår, grovt rekna, at det er tale om 20 - 30 koloniar til saman. Rådmannen meiner dette er eit konservativt anslag. Anslaget tek utgangspunkt fellingsrapportskjema frå Nordgardane villtag, Søndre Sirdal villtag og Sirdalsvatnet Øst villtag for 2014 og 2016, der det til saman er rapportert inn 15 aktive koloniar. Delt på teljande areal svarer dette til 0.05 beverkoloniar per km². Rådmannen har vidare lagt til grunn at tettleiken er noko lågare i øvre- og midtre del av kommunen.

Etter rådmannen sin vurdering er det inntil vidare tilstrekkelig å estimere bestandstettleiken. Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i eit relativt lågt jakttrykk og avgrensa interesse for beverjakt. I perioden 2011 – 2017 vart det i gjennomsnitt felt 4.3 bever per år i kommunen.

Eit årlig uttak på 10 – 20 % av bestanden, vert rekna som bærekraftig. I gjennomsnitt er det 4 bever per koloni. Om ein legg seg i den mest konservative enden av rådmannen sitt bestandsanslag og tek utgangspunkt i 20 koloniar totalt, så vert det 80 bever i kommunen. Det gjennomsnittlege fellingstalet på 4,3 dyr per år utgjer i så høve 5 % av bestanden. Om ein i plassen tek utgangspunkt i toppåret 2016-2017, då det vart felt 10 bever, så utgjer fellinga for dette enkeltåret 13 % av bestanden.

Felt bever i Sirdal



Kjelde: Hjorteviltregisteret og SSB.

I plassen for ei kartlegging av beverbestanden i heile kommunen, vil rådmannen foreslå at ein innhentar data frå jegerane slik at ein får ein oversikt over kvar i kommunen det vert felt mest bever. Ein kan då følgje med på utviklinga i jakttrykket geografisk og fortløpande vurdere om det er behov for å kartlegge bestanden nærare i delar av kommunen. Dette opnar for ein målretta bruk av kartleggingsressursar der behovet for kartlegging synest vera størst.

Rådmannen foreslår at ein legg opning av jakt på bever inn i same forskrift som opning av jakt på elg, hjort og rådyr. Rådmannen har – i plassen for ei forskriftsendring – valt å løyse dette ved å foreslå ei ny forskrift som erstattar den gamle. Forslaget til tittel på den nye forskrifta er «forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever, Sirdal kommune, Vest-Agder». Rådmannen har ikkje gjort nokon endringar knytt til forskrifta sitt innhald om elg, hjort eller rådyr.

Rådmannen har i forslaget til forskrift foreslått opning av jakt på bever i heile kommunen med same jakttid som i nasjonal forskrift om jakt og fangsttider og jegerrapportering av fellingsdato og fellingsstad til Sirdal kommune.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune vedtek forslag til mål for forvaltning av elg, hjort, rådyr og bever i Sirdal 2019-2023. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 og forskrift om forvaltning av bever § 2.

Sirdal kommune vedtek forslag til forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever i Sirdal. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 5 og forskrift om forvaltning av bever § 3 og § 5.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 03.09.2019 – PS 19/91.

Votering

Rådmannens forslag til vedtak ble vedtatt med 8 (2SB, 2AP, 2SP, H, Krf) mot 1 (H) stemmer.

Vedtak

Sirdal kommune vedtek forslag til mål for forvaltning av elg, hjort, rådyr og bever i Sirdal 2019-2023. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 og forskrift om forvaltning av bever § 2.

Sirdal kommune vedtek forslag til forskrift om opning av jakt på elg, hjort, rådyr og bever i Sirdal. Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 5 og forskrift om forvaltning av bever § 3 og § 5.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent